



## *Snakkast på fjorden 2018*



Vindkraft  
Årekraft  
Meistringskraft  
Bærekraft



Bergen og Ommland  
Friluftsråd



Kystsoge  
vekene



FN-SAMBANDET  
UNITED NATIONS ASSOCIATION OF NORWAY



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET

### **Ein skuledag på sjøen for ungdomsskulen under Kystsogevekene**

*Vindkraft – årekraft – meistringskraft – bærekraft*

I august og september blir det skuledag i, på og ved sjøen for elevar i grunnskulen i 10 kommunar. Undervisninga vil vektleggja vindkraft – årekraft – meistringskraft – bærekraft. Dette vert ein annleis skuledag med aktivitet i, på og ved sjøen på tre ulike arenatypar: strandsonen, robåt og seglskute. **Snakkast på fjorden** vil gå føre seg på utvalgte friluftsarenaer, slik at ein ikkje er så sårbar forvêrendringar, har god infrastruktur, god tilkomst med offentleg kommunikasjon og ikkje minst gode tilhøve for dei ulike aktivitetane.

#### **Gruppe A - Med vinden som drivkraft:**

Om bord i den 60 fot store seglskuta «Seladon» frå 1937 heiser og trimmer elevane segla, nавigerer etter gamle sjømerker og med meir moderne hjelpemiddel og lærer anna sjømannskap. Dei får oppgåver når ein går frå kai, heiser og justerer segl i ulike manøvrar. Elevane skal vera mannskap og får prøva ulike roller om bord. For trygg seglas trengst kunnskap om både gamle sjømerker og nyare navigasjonsmåtar. Alt skjer under skipper Einar Matre og hans mannskap sitt kyndige instruksjon. Medrekna Einar tel mannskapet tre personar og det det bør også vera med ein lærar. Elevgruppa kan vera inntil 15 elevar og desse vert i utgangspunktet ombord på skuta heile dagen (ved evt rullering/bytting går det bort for mykje tid med fortøying/manøvrering til og frå kai).



Seglkuttaren er sertifisert for 35 personar på dagstur. Einar Matre har lang røynsle frå Smedholmen i Fitjar med liknande undervisningsopplegg for skuleelevar. *Seladon* har sikrings- og følgebåtfunksjonar for robåtane. Med 12 faste koyer + ekstra hengekoyer vert skuta dessutan overnattingsbasen for instruktørane undervegs i turneen.

#### **Gruppe B - Med årekraft på vatnet:**

Med to større robåtar får elevene læra korleis å ro, først i takt og deretter med kraft og fart. Langs Norskekysten har roing vore ein svært sentral reisemåte i minst eit par tusen år, men dei siste 60 åra har dette forsvunne. Undervisninga legg vekt på samarbeid, det å møta naturkraftene til sjøs og naturopplevelingar når ein glid lydlaust framover.

Utpå øver elevane på å ro i takt, manøvrera, ror på tur og utpå dagen kan dei kapro mot kvarandre. Ein hovedsmann instruerer i kvar båt. Det bør vera med ein lærar i kvar båt. Elevane får ei fysisk utfordring med å koma seg fram berre med muskelkraft, noko som vil gje ein smakebit av korleis bøndene som hadde skyssplikt sin kvardag kunne vera på 17- og 1800-talet. Utpå vil elvane møta naturkrefter som tidevatn, vind, temperatur og nedbør. Undervisninga vil også romma opplæring i sjømannskap, sjømerker for trygg navigasjon og kulturhistorie kring liknande farkostar som dei er om bord i.



Båtane Norge og Eidsvold har fem årepar + rorkult, så kvar båt har såleis kapasitet på 11 + 1-2 passasjerar, totalt 12-14 personar. Dermed kan desse båtane ta i mot ein stor skuleklasse. Båtane er eigd av 17. mai-komiteen i Bergen og er bygd i glasfiber. Me ynskjer difor ikkje strandhogg. Evt landsetjing av elevar bør difor skje ved bryggje/kai. Det vil vera sjøvante instruktørar i kvar båt som syter for opplæringa og sikrar tryggleiken for både båt og mannskap.

### **Gruppe C - Mestringskraft i og ved sjøen:**

Elevane sym, klatrar og hoppar uti fjorden frå svaberg. Vanntryggleik, meistring og miljøfokus står sentralt. Elevane får andre røynsler enn det som skjer i eit oppvarma basseng.



Coasteering vil seie å klyva, symja og hoppa uti vatnet langs klipper frå land, ei slags juving, men i sjøen. Elevane får låna godkjent utstyr (våtdrakt for heilårsbruk, vest, hanskar, sko, hjelm, flytevest). Coasteering gjer elevane øving i vanntryggleik i eit naturleg miljø, som er heilt annleis enn bassenget, og vert kombinert med landbasert undervisning der elevane på nært hold får sjå korleis marin forsøpling i form av plast og anna miljøavfall påverkar naturen. Her kan ein skuleklasse på inntil 30 elevar delta. Undervisninga vert leia av to dyktige instruktørar frå Coasteering AS. Minst ein lærar bør delta i lag med elevane. Coasteering-gruppa driv på med dette heile dagen.



## **Gruppe D - Med bærekraft som rettesnor:**

FN-sambandet i Bergen har utvikla eit unikt opplegg for uteskule som har vore prøvd ut med svært gode røynsler dei siste åra. Gjennom ein natursti i strandsona/naturen med ulike postar skal elevane løyse oppgåver og må såleis tenkja sjølve. Postane fokuserer på bærekraftige mål, plastforureining og Norge sin rolle i eit globalt miljøperspektiv.



Gjennom ulike aktivitetar i strandsona får elevane både læra om berekraftig utvikling, og bidra ved sjølve å utforska ein lokal strandsone for plastforureining. Det er såleis ikkje mengda innsamla plast denne dagen som er målet. I staden er målet å vekkja medvit og skapa ei haldning mellom elevane kring desse spørsmåla. Instruktørane til FN-samanet er studentar frå Universitetet i Bergen og opplegget. Her kan det vera med inntil 50 elevar og det bør delta ein lærar per ca 25 elevar.



**Gruppe E – Strandrydding – marin forsøpling:** Havet har vore livsgrunnlaget vårt i tusener av år, men verda er i rask endring. Dei siste hundre åra har verdas folketal firedobra seg, med alt som følgjer av auka forbruk av ressursar og forureining. Kunnskap om mennesket sitt samspele med havet og naturen er difor heilt sentralt for kystfolk i heile verda, ikkje minst for oss i Noreg, eit land som forvaltar eit havareal som er over fem gongar større enn landarealet.



Med plastkvalen som døydde på Sotra har folk sitt engasjement kring plastproblematikken vakna. Denne dagen får skulelevane på nært hald sjå og kjenna på mengda avfall og får innblikk i kva verknader avfallet har på naturen. Ragns Sells bidrar med sekker, big bags, containere og transport av det oppsamlia avfallet.



**Andre element:** Med Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest som sentrale samarbeidspartnarar er det naturleg å fletta inn allemannsretten og friluftsråda sitt arbeid for å sikra tilgang til og leggja til rette attraktive naturarealer for ålmenta i undervisininga. Me vonar også at elevane skal få møta og oppleva på nært hold maritime yrkesaktørar som fortel om sin jobbkvvardag. Her kan til dømes fiskaren, mannskap frå redningsskøyta, oppdrettsnæringa, skjærgardstenesta, redningsselskapet, kystverket, brannbåt og ambulansebåt vera aktuelle aktørar. Vidare vonar me å få til ein kulturstafett der ulike musikarar/kunstnarar bidrar, til dømes i lunsjpausen.

Dersom skulen, lærarar eller andre lokale samarbeidspartnarar har ressursar som kan vera aktuelle å nytta denne dagen, så er det sjølvsagt av interesse. Her kan til dømes (følge)båtar, kano, kajakk, gode informantar eller instruktørar vera aktuelt. Her gjeld det at me har god dialog for å sy saman eit best mogleg opplegg denne skuledagen. Me freistar å kontakta lokale media for omtale.

Elevane må ha med seg niste, redningsvest og gode klede for ein utedag, ein god regel er å ta med ein genser meir enn du trur du treng. Dei som skal på Coasteering må i tillegg ha med seg handklede, badeklede til å ha under våtdrakt og varme klede å ta på seg etter aktiviteten. Skisse til tidsplan for skuledagen:

Frammøte på skulen til vanleg tid	(kl. 08:30)
Transport til aktivitetsstad	(kl. 08:30-09:00)
Velkomst/brief/gruppfordeling	(kl. 09:10)
Oppstart aktivitetar	(kl. 09:15)
Lunsj	(kl. 11:00-1130)
Andre omgang aktivitetar	(kl. 11:30)
Avslutning på aktivitetsstad	(kl. 13:20-13:30)
Retur tilbake til skulen/heim	(kl. 13:40-14:00)

Me vonar på velvilje for å strekka skuledagen her (og forstår sjølvsagt at dette kan vera vanskeleg grunna skuleskyss), men dette vert avtalt med skulen i kvart enkelt tilfelle.

Det er naudsynt at skulen stiller med to vaksne per klasse, gjerne ein lærar med interesse for friluftsliv (gymlærar?) og minst ein av dei to bør kjenna elevgruppa godt. I utgangspunktet kan me handtera fire skuleklassar (+ evt. strandryddingsklassar) for dagen, men på enkelte dagar kan denne kapasiteten etter avtale med skulane og samarbeidspartnarane bli justert både opp og ned. Deling av klassar til ulike aktivitetar kan bli aktuelt.

Skulestart etter sumarferien for grunnskulen i Hordaland er mange stader torsdag 16. august. Det vil seia at fyrste dag med **Snakkast på fjorden** vert måndag 20. august. Etter dette følgjer fire veker der oppleget turnerer i ni kommunar: Bergen, Askøy, Fjell, Austevoll, Fitjar, Stord, Bømlo, Sveio og Kvinnherad, der **Snakkast på fjorden** vert avslutta 14. september.

### **Spørsmål, kontakt/påmelding**

Prosjektkoordinator Grethe Mong-Hansen

[gmonghansen@gmail.com](mailto:gmonghansen@gmail.com) / 91 66 26 49

Fyrstemann til mølla!

Nokre av aktørane i prosjektet etter fyrste planleggingsmøtet på Helleneset. Frå venstre: Kjell Magnus Økland (Kystsogevekene), Camilla Ianke (Coasteering AS), Grethe Mong-Hansen (prosjektkoordinator), Kai Grieg (FN-sambandet) og Einar Matre (Seladon). Foto: John Frithjof Fosse (BOF).



Prosjektet **Snakkast på fjorden 2018** er kome i stand via aktiviseringsmidlar til friluftslivsføremål frå Miljø- og klimadepartementet, løyvd av Hordaland Fylkeskommune. Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen og Omland Friluftsråd, seglskuta Seladon, Coastering AS, Ragn Sells, FN-sambandet og Kystsogevekene. Det er såleis ikkje kostnader involvert for skulen. Dersom det er naudsynt, kan prosjektet syta for transport mellom skulen og aktivitetsstaden. Dette vert avtalt med kvar enkelt skule.

Målet er at **Snakkast på Fjorden 2018** skal vera starten på ein årleg tradisjon under Kystsogevekene som som ber i seg følgjande element:

- Bind saman den offisielle opninga og avslutninga av Kystsogevekene
- Involverer mange av dei 22 kommunane som er med i Kystsogevekene
- Lagar aktivitetar som brukar sjøen som hovudarena
- Rommar naturopplevelingar, kulturhistorie, miljøvern og friluftsliv for barn og unge
- Skaper meiningsfylte oppdrag for seriøse maritime kulturaktørar
- Involverar god samkjøring og ressursutnytting i samspel med andre samarbeidspartnere
- Oppnår god medieinteresse og vekkjer ein ny entusiasme for kystkultur



Bergen 13. august 2018

Kjell Magnus Økland

Dagleg leiar, Stiftinga Kystsogevekene